



Fordeling av kommunevise rammer 2022 til ordningane:

- Tilskot til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
- Tilskot til drenering av jordbruksjord
- Tilskot til tiltak i beiteområde

Vi viser til tildelingsbrev frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet datert 21.12.2021.

Møre og Romsdal har fått følgende tildeling av dei økonomiske verkemidla for 2022:

1. Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) kr. 7,0 mill.
2. Tilskot til drenering av jordbruksjord kr. 4,0 mill.
3. Tilskot til tiltak i beiteområde kr. 1,2 mill.

Statsforvaltaren gjev belastningsfullmakt til budsjett disponering til kommunane der kommune er vedtaksmyndigheit, jf. tildelingsbrevet. Dette gjeld forvaltninga av desse tre ordningane.

1. Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) 2022

For 2022 har Møre og Romsdal fått tildelt kr. 7 000 000,- til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). I tillegg er det overført kr. 805 801 i ubrukte og inntrekte midlar frå i fjor. I alt er det kr. 7 805 801 til fordeling mellom kommunane i fylket.

	Beløp
Ny fylkesvis tildeling 2022	7 000 000
Overførte midlar frå 2021	805 801
Sum	7 805 801

Kommunane har meldt inn eit samla behov på kr. 9 500 000,- og det er dermed stort sprik mellom behovet som er rapportert frå kommunane og midlane som er til fordeling. Vi har derfor nytta ein fordelingsnøkkel som grunnlag for å fordele dei disponible SMIL- midla mellom kommunane.

Fordelingsnøkkelen tek utgangspunkt i tre objektive kriterium for kommunane (med vekting i parentes): Tal som søkte om produksjonstilskot føregående år (50 %), tal på landbrukseigedomar (25 %) og tal på jordbruksareal i drift (25 %). Dernest tek fordelingsnøkkelen utgangspunkt i innmeldt behov frå kommunane, og aktivitetsnivå og resultatnivå dei to siste åra.

**Kommunevise rammer for SMIL 2022**

Aukra	100 000	Smøla	200 000
Aure	350 000	Stranda	310 000
Averøy	250 000	Sula	50 000
Fjord	360 000	Sunnadal	390 000
Giske	170 000	Surnadal	440 000
Gjemnes	340 000	Sykkylven	240 000
Hareid	110 000	Tingvoll	260 000
Herøy	210 000	Ulstein	130 000
Hustadvika	840 000	Vanylven	320 000
Kristiansund	20 000	Vestnes	240 000
Molde	530 000	Volda	450 000
Rauma	300 000	Ørsta	450 000
Sande	170 000	Ålesund	460 000
		Sum	7 690 000

Forvaltning og prioritering av SMIL- midlane

Ordninga skal forvaltast etter gjeldande [forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) med tilhøyrande rundskriv og kommunane sine egne tiltaksstrategiar.

I år held vi igjen kr. 115 801 regionalt til klagehandsaming og omfordeling i løpet av året. Vi ønskjer at alle midlane skal bli brukt på gode tiltak i løpet av året, og det er derfor viktig med raskt sirkulasjon av midlane. Vi vil oppfordre kommunane til å sette tidleg søknadsfrist og gjere vedtaka tidleg på året, slik at oppstarten av tiltaka kjem raskt i gong.

I tildelingsbrevet frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet står det:

- Kommunane skal prioritere tiltak som har god miljøeffekt.
- Kommunane skal lage oppdaterte lokale retningslinjer/tiltaksstrategiar for SMIL, der beskriving av miljøutfordringar og prioritering av miljøtiltak går fram.
- Erfaringar viser at det i nokon vassområde er stort behov for utbetring av hydrotekniske anlegg i jordbruket. Det er viktig å ta tak i desse utfordringane av omsyn til avrenning, ressursbevaring, matproduksjon mm. Klimatilpassing, medrekna hydrotekniske tiltak, skal prioriterast der behova er store.
- Tiltak for pollinerande insekt og trua natur bør også bli vektlagt.

Utover dette forventar vi at bruken av SMIL-midlane om mogleg vert sett i samanheng med Regionalt miljøtilskot (RMP), slik at investeringane kan følgast opp gjennom tilskot til årleg skjøtsel.



2. Tilskot til drenering av jordbruksjord 2022

For 2022 har Møre og Romsdal fått tildelt kr. 4 000 000,- til drenering av jordbruksjord. I tillegg er det overført kr. 4 720 836 frå i fjor. I alt er det kr. 8 720 836 til fordeling mellom kommunane i fylket.

	Beløp
Ny fylkesvis tildeling 2022	4 000 000
Overførte midlar frå 2021	5 381 346
Sum	9 381 346

Kommunane har meldt inn eit samla behov på kr. 6 510 000-, og det inneber at vi har nok midlar til at alle kommunane får det beløpet dei har meldt inn som behov for 2022.

Kommunevise rammer for drenering 2022

Aukra	140 000	Smøla	500 000
Aure	600 000	Stranda	120 000
Averøy	300 000	Sula	50 000
Fjord	80 000	Sunddal	200 000
Giske	200 000	Surnadal	300 000
Gjemnes	400 000	Sykkylven	150 000
Hareid	40 000	Tingvoll	280 000
Herøy	40 000	Ulstein	40 000
Hustadvika	1 000 000	Vanylven	200 000
Kristiansund	20 000	Vestnes	200 000
Molde	600 000	Volda	250 000
Rauma	100 000	Ørsta	200 000
Sande	100 000	Ålesund	400 000
		SUM	6 510 000

Forvaltning av dreneringsmidla

Ordninga skal forvaltast etter gjeldande [forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord](#) med tilhøyrande rundskriv.

Etter denne fyrste fordelinga er det att kr. 2 871 346 til drenering som ikkje er fordelt. Sidan det er meir midlar disponibelt, ønskjer vi å få melding om ekstra behov fortløpande, og det er ikkje sett nokon frist for å be om tilleggslyving. Skulle behovet overstige disponible midlar har også Landbruksdirektoratet udisponerte midlar som kan fordelast.

For å motivere til auka dreneringsaktivitet er det viktig å formidle informasjon og rettleiing om tilskotet og effekten av drenering. Vi vil oppfordre kommunane til å sette tidleg søknadsfrist og å gjere vedtak tidleg på året slik at oppstarten av tiltaka kjem raskt i gong.



4. Tilskot til tiltak i beiteområde

For 2022 har Møre og Romsdal fått tildelt kr. 1 200 000,- tiltak i beiteområde. I tillegg er det overført kr. 155 569 frå i fjor. I alt er det kr. 1 355 569 til fordeling mellom kommunane i fylket.

	Beløp
Ny fylkesvis tildeling 2022	1 200 000
Overførte midlar frå 2021	155 569
Sum	1 355 569

Kommunane har meldt inn eit samla behov på kr. 1 740 000,-, som er noko over det beløpet som er til fordeling.

Fordeling til kommunane er gjort med grunnlag i ein fordelingsnøkkel basert på tal dyr i utmark (10% vekt), tal søkarar av dyr i utmark (10 % vekt), tal dyr søkt i organisert beitebruk (40% vekt), tal søkarar i organisert beitebruk (20 % vekt) samt tal beitelag i kommunen (20% vekt).

Statsforvalteren ber kommunane ha sine søknadsrundar før juni 2022, slik at vi kan omfordele midlar i juni mellom kommunane basert på innkomne søknadar.

Kommunevise rammer for tilskot til tiltak i beiteområde 2022, i kr

Aukra	0	Smøla	65 000
Aure	60 000	Stranda	90 000
Averøy	0	Sula	0
Fjord	60 000	Sunddal	65 000
Giske	0	Surnadal	80 000
Gjemnes	40 000	Sykkylven	45 000
Hareid	0	Tingvoll	25 000
Herøy	20 000	Ulstein	10 000
Hustadvika	100 000	Vanylven	50 000
Kristiansund	0	Vestnes	60 000
Molde	125 000	Volda	100 000
Rauma	200 000*	Ørsta	100 000
Sande	0	Ålesund	60 000
		SUM fordelt	1 355 000

*Sidan utleigeordninga for radiobjøller i regi av Møre og Romsdal sau og geit er lokalisert i Rauma, får Rauma kommune ei større ramme justert for å ta imot søknad om tilskot til innkjøp av radiobjøller frå utleigeordninga.

Forvaltning og prioritering av midla til tiltak i beiteområde

Ordninga skal forvaltast etter gjeldande [forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder](#) med tilhøyrande rundskriv og kommunane sine egne tiltaksstrategiar.



5. Generelt

Forvaltning av midlane

Det er ein føresetnad at kommunen bruker midlane slik det går fram av gjeldande forskrifter og rundskriv for dei enkelte ordningane, og elles slik det går fram av planer og prioriteringar for 2022.

Kontroll

Når kommunen gir tilsagn om tilskot, må det i tilsagnet takast atterhald om at kommunen, Statsforvaltaren eller Riksrevisjonen kan krevje nødvendige opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotet har skjedd i tråd med føresetnadane.

Samarbeid med kulturminneforvaltninga

Vi ber om at kommunane har gode rutinar opp mot dei regionale kulturminnemyndigheitene, slik at dei før vedtak vert fatta kan uttale seg om eventuelle kulturminneverdiar som tiltaket får verknad for, og sikre at lov om kulturminne blir følgt.

Naturmangfaldlova

Vi minner om at vedtaka må fattast i tråd med Naturmangfaldlova (nmfl) og då spesielt miljøprinsippa §§ 8- 12. Vurderingane skal gå fram av vedtaket, jf. §7.

Agros

Sidan oppstarten av det elektroniske søknad- og sakshandsamingssystemet Agros, har det kontinuerleg blitt oppdatert med nye funksjoner og forbetringar. Vi minner om brukarretteleingane som er laga for ordningane. På Landbruksdirektoratet sine nettsider finn de nyhende og informasjon om Agros.

6. Fristar og viktige datoar i 2022

Dato	Oppgåve	Ansvar
Februar	Hovudtildeling	Statsforvaltaren
Fortløpande	Innmelding av ekstra behov drenering	Kommunane
1. juni	Innmelding av behov for ekstra midlar og midlar til omfordeling i tiltak i beiteområde	Kommunane
Ila hausten	Behovsinnmelding og omfordeling SMIL (dato kjem)	Kommunane
10. nov	Oppfordring om at kommunane i størst mogleg grad fattar vedtak før 10. nov, grunna rapportering	Kommunane
Medio. nov	Rapport 2022 og behov 2023 – til Statsforvaltaren	Kommunane
Medio. nov	Rapport 2022 og behov 2023 – til Landbruksdirektoratet	Statsforvaltaren
Medio des.	Agros stenger	Alle

Kontaktpersonar hos Statsforvalteren i Møre og Romsdal:

Marianne Aas Halse	fmmrmaha@statsforvalteren.no Tlf. 71 25 84 22
Ragnhild Naug Aas	fmmrraaa@statsforvalteren.no Tlf. 71258519
Tone Helen Rørseth	fmmrtone@statsforvalteren.no Tlf. 71258417